

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	13/06/2025
Vår referanse	2024/28104-11
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Jostein Aksdal
E-post	Jostein.Aksdal@vlfk.no
Telefon	90207124

Kulturminnefagleg fråsegn til endringssøknad av konsesjon langs 420 kV Sima-Samnanger, Ulvik og Kvam og Voss herad

Vestland fylkeskommune viser til brev datert 20.05.2025 med endringssøknad til konsesjon. I saka går det fram at Statnett har søkt om fleire mellombels tiltak i samband med endring/ombygging av 420 kV Sima – Samnanger.

Ulvik herad

Fylkeskommunen viser og til vårt brev av 21.06.2024 med uttale til konsesjonssøknad for monomastrekke langs 420 kV kraftleidning ved Langavatnet i Ulvik kommune. Saka er vurdert av regional kulturmiljøstyresmakt. I høve til kulturminneverdiar har me ingen vidare merknader til tiltaka vest for Langavatnet i Ulvik kommune vedrørende monomaster og riggplass.

Kvam/Voss herad

Tiltaka så nær som eit, vil slik dei er vist ikkje vera i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Vestland fylkeskommune vil som regional kulturmiljøstyresmakt vise til at Statnett sin trase for vinterveg (V4) frå Rong til Bjølsegrøvatnet ikkje er vurdert for kulturminne. Ved Bjølsegrøvatnet er det kjent automatisk freda kulturminne, og me vil slik varsle trong til ei kulturminnefagleg avklaring før ein kan setja traseen for mellombels veg.

Samandrag

Vestland fylkeskommune som kulturmiljøstyresmakt finn at endringane til konsesjon ikkje rårar kjente automatisk freda kulturminne. Trase for V4 må imidlertid avklarast med omsyn til kulturminneverdiar og me ber slik Statnett ta kontakt med Vestland fylkeskommune for å få dette gjort.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Jostein Aksdal
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift